

# Volda sokneråd 2019

## Årsmelding og Rekneskap



**Årsmøte på Uppheim  
søndag 27. september 2020,  
rett etter gudstenesta**

Foto i årsmeldinga: Kyrkjelyden sine tilsette

## **Sakliste årsmøte**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar
3. Val av ein person til å skrive møteboka
4. Val av to personar til å skrive under møteboka
5. Rekneskap
6. Årsmelding
7. Allmenn debatt
8. Orientering om aktuelle saker i kyrkjelyden
9. Ny liturgi



## Arbeidet i soknerådet 2019 og framover

Vi er takksame for eit godt og engasjert kyrkjelydsliv også i 2019. Både tilsette og mange frivillige medarbeidarar har på mange forskjellige måtar bidrege til eit rikt liv i Volda kyrkjelyd. Mitt håp og mi bøn er at alt arbeid i kyrkjelyden må tene menneska, vere til vekking, åndeleg vekst og til Guds ære.

**Bøn** er eit fundament i vårt kyrkjelege arbeid, og soknerådet oppmuntrar til å fortsette å be for arbeidet i kyrkjelyden. Vi har ei bønegruppe som ber blant anna for konfirmantarbeidet, livet i kyrkjelyden, gudstenester og konkrete bønneemne. Mange enkelte kyrkjelydsmedlemmer ber også for dette arbeidet i sine private bøner, og det er vi takksame for. I en tid prega av koronakrisa når denne meldinga blir skrive kjenner vi at vi kan halde fast i bøn også når vi ikkje kan møtes som vanlig.

**Soknerådet** hadde i året 2019 tolv ordinære soknerådsmøter, derav ni med det «gamle» soknerådet og tre med det nyvalde, med til saman 28 saker. Enkelte saker som for eksempel kyrkjevalet vart i 2019 tatt opp i fleire møter. Ifølge kyrkjelova skal soknerådet si merksemld vere «hen vendt på alt som kan gjeres for å vække og nære det kristelege liv i soknet», og det skal vere leiande også i arbeidet med det nye soknerådet som ble valt i september 2019. Soknerådsmøta begynner med ei kort andakt og ei bøn der vi ber om Guds vegleiing ved sin heilage Ande i møtet og i arbeidet vårt. Det er eit mål å finne ei balanse mellom det organisatoriske og økonomiske som blir handsama i møta våre, og perspektivet på åndeleg vekst og næring i kyrkjelyden. Dei organisatoriske og økonomiske sakene kjem liksom av seg sjølv, medan det som har med kyrkjelyden si åndelege vekst å gjere treng meir bevisste val og står derfor gjerne i fare for å komme til kort. Derfor er det viktig at vi er bevisste på det.

Kyrkjevalet 2019 var som nemnt ei sak som var oppe i fleire møte og bestemte mykje av arbeidet våren og sommaren 2019, og det skal eg seie meir om i eit eige avsnitt. Rekneskap og budsjett for Volda sokn er ei viktig og uunngåeleg oppgåve i soknerådet sitt arbeid, og takka vere kyrkjeverje Jostein Stråbø hadde vi god og nødvendig hjelp og vegleiing til dette også i 2019. Ei sak som ble presentert av kantor Bert Handrick og diskutert i soknerådet var spørsmålet om å reparere orgelet eller bygge eit nytt orgel i Volda kyrkje. Det er semje om at det må skje noko med orgelet så snart som mogleg, men det vert arbeidd med å finne den beste løysinga, og fellesrådet vart bede om å ta ei avgjersle i denne saka.

I mars 2019 hadde soknerådet eit møte med staben, dei tilsette i kyrkjelyden, der vi utveksla våre tankar om Volda kyrkje og kyrkjelyden og korleis vi tolkar setninga å «vække og nære det kristelege liv i soknet» som ei hovudoppgåve for soknerådet. Det var ein viktig møtearena som gav inspirasjon til vegen vidare i kyrkjelydsarbeidet.

I novembermøtet 2019 med det nyvalde soknerådet hadde vi ein samtale om *plan og mål for soknerådsarbeidet i perioden 2019-2023*. Her snakket vi om våre tankar, ønske og visjonar for soknerådsperioden, og eg ønskjer å framheve følgande: Bøn om Jesu leiing i alt vi gjer, ønske om eit barnekor i kyrkjelyden, gudsteneste som kyrkjelyden sitt sentrum som kan nå mange menneske, unge foreldre som målgruppe med invitasjon til dåp, temakveldar på Uppheim, og å nå særleg vaksne i 30-40årsgruppen. Her kan eg nemne at gjenoppstart av *Barnekoret på Uppheim* ble bestemt omtrent samtidig med dette ønske, og det er ei stor glede!

Eg vil også framheve *Kyrkjelydsfest* mot slutten av september på Uppheim, der både Dalsfjord, Kilsfjord, Austefjord og Volda sokn var invitert. Organist Erlend Koppen heldt ei andakt og Bente Wangensteen, undervisningsrådgjevar ved Møre bispedømmerådskontor, hadde eit foredrag om «Formidling gjennom fortelling» som var særleg retta mot kyrkjeleg arbeid med unge. Morten Bollerud, Sindre Løvik og Arild Andenes hadde flotte musikkinnslag.

**Kyrkjevalet 2019** vil eg også nemne her. Nominasjonskomiteen, oppnemnt av soknerådet og som bestod av Odd Ragnar Hunnes, Reidun Bjørlykke og Harald Klepsvik gjorde ein stor innsats våren 2019 for å verve kandidatar til soknerådsvalet i september. Eg vil her også rette ei stor takk til alle andre som var engasjerte både i førebuinga og gjennomføringa av kyrkjevalet, og i stemmetellinga etterpå! 13 kandidatar, det nødvendige talet til Volda sokneråd med 8 medlemmer og 5 vara, stilte til val for soknerådet. Kyrkjevalet var på same dag som kommunevalet, men denne gongen kunne vi i Volda sentrum ikkje bruke samfunnshuset til kyrkjevalet av organisatoriske og plassmessige grunner. Vi var derfor heldige å kunne halde kyrkjevalet på folkebiblioteket rett over gata frå samfunnshuset.

Valdeltakinga på kyrkjevalet var med omtrent 11 prosent ganske lav, og i evalueringa av valet konkluderte vi blant anna slik: annonsering av kyrkjevalet og markering til kyrkjevallokalet må bli meir synleg ved samfunnshuset (plassen til kommunevalet) og presentasjonen av kandidatane før valet, både med bilde og tekst, må vere betre både på internett, i brosjyrar og i lokalavisene. Når det er sagt vil eg også takke alle som stilte til val, samtidig som eg vil takke alle som var med i det gamle soknerådet. Både det gamle og det nye soknerådet var til stades i gudstenesta 3. november der det gamle soknerådet fekk takk for arbeidet sitt og det nye soknerådet ble presentert og ønskt velkommen i kyrkjelyden. Namn til dei nye soknerådsmedlemmene og vara står lenger nede i årsmeldinga.

**Gudstenestene** er kyrkjelydslivet sitt sentrum. Det kjennast kanskje ekstra sterkt av mange i denne tida no i 2020 når gudstenestelivet i kyrkja måtte avlysast. Det er flott med alle tilbod som kan gis på nettet, men den fysiske samlinga av kyrkjelyden til gudsteneste med bøn, song, forkynning og nattverd kan ikkje erstattast på denne måten. Til gudstenestelivet i 2019 viser eg til delen i årsmeldinga av Kristian Myklebust. Utanom dei faste gudstenestene i Volda kyrkje hadde vi gudsteneste på Uppheim, på Bondalseidet, i Aasentunet og ved Kilskrossen. Eg vil også nemne spesielt festgudstenesta i byrjinga av desember 2019 på Grodås med markering av Hornindal sokn som en del av Søre Sunnmøre prosti og medlem av Nye Volda kyrkelege fellesråd frå 1. januar 2020.

I gudstenestesamanheng vil eg framheve *Kyrkjekvelds*, kveldsmat på kyrkjekontoret fire søndagar i 2019 etter kveldsgudstenesta. Her kom opp til 50 personar, og mange studentar deltok der og gav positive tilbakemeldingar.

Takk til alle frivillige som er engasjerte i gudstenestene, frå klokkarar til kyrje- og dåpsvertar, kyrkjekaffi- og blomstergruppa, kor og forsongarar til teknikarar som styrer lyd og bilete.

Som **andre aktivitetar** i kyrkjelyden i 2019 vil eg nemne uteområdet med planter rundt Uppheim. Takka vere ein stor innsats av fleire frivillige under leiing av Heide Rinn Grimstad har uteområdet blitt veldig flott! - Middag på Uppheim er eit annet veletablert tiltak som trekker mellom 25 og 50 personar omtrent to gongar i månaden i sesongen. Se elles delen om Diakoni i årsmeldinga.

For **barne- og ungdomsarbeid** viser eg til delen om trusopplæring i årsmeldinga. Det er eit breitt og godt etablert tilbod i trusopplæring for ulike aldersgrupper, frå babysong til konfirmantarbeid. Sommaren 2019 vart Wendi Sund Stråbø tilsett som ny trusopplæringsmedarbeidar. Vi gleder oss over dette og ønsker Wendi Guds velsigning i denne tenesta.

Også i 2019 hadde vi tre **volontører** frå ulike land som medarbeidrarar i kyrkjelyden. Fleire praktiske oppgåve som ved Middag på Uppheim eller Green Fingers prosjektet blir gjennomført også ved hjelp av desse volontørane, og det er vi glad for. Det er ei teneste som er økonomisk støtta av EU.

Det **kyrkjemusikalske arbeidet** har alltid vore ei viktig søyle i kyrkjelyden. Eg viser til årsmeldinga av Volda kyrkjekor i denne rapporten. Volda kyrkjekor hadde fleire konsertar i

2019, og eg ønsker å framheve *Missa brevis voldensis*, komponert av kantor Bert Handrick, i oktober og *Norsk jul saman med Mozart* i desember 2019. Under det kyrkjemusikalske arbeid kan vi også nemne 12-konsertene på laurdagar, med Arild Andenes som ansvarleg, som trekk mange og som kjem til å halde fram, frå januar 2020 av med inngangspengar (50 kr).

Eg ønskjer å slutte på same måte som dei siste åra: Arbeidet i kyrkjelyden kviler på eit tillitsfullt og godt samarbeid mellom tilsette og frivillige, og det har vi sett i praksis også i 2019. Det er mi bøn og mitt håp at det må halde fram slik at Guds rike kan ha framgang mellom oss, med blikket festet på Jesus.

Volda sokneråd,

Ralph Meier, soknerådsleiar

## **Soknerådet si samansetjing fram til okt. 2019**

### **Medlemmer**

Ralph Meier (leiar)

Heide Rinn Grimstad (nestleiar)

Kristian Myklebust (sokneprest) Vikar for Kristian har vore Ingrid Finsådal og Ingeborg Matre

Jan Ove Ulstein

Jostein Rotevatn

Ella Vasskog

Christofer Bang

Rita Horten Egge Paulen

Harald Christian Klepsvik

### **Varamedlemmer**

Oddbjørg Nelly Egge

Anita Kristin Rønneberg

### **Volda kyrjelege fellesråd**

Medlemmer frå Volda sokn:

Ella Vasskog

Ralph Meier

### **Varamedlemmer:**

Heide Rinn Grimstad

Jan Ove Ulstein

## **Soknerådet si samansetjing frå okt. 2019**

### **Medlemmer**

Ralph Meier (leiar)

Heide Rinn Grimstad (nestleiar)

Kristian Myklebust (sokneprest) Vikar for Kristian har vore Ingrid Finsådal og Ingeborg Matre

Jostein Rotevatn

Oddbjørg Nelly Egge

Ragnhild Margrete Aarflot Kalland

Kari Anne Henjum

Kjetil Arve Myskja

Karen Brænne

**Varamedlemmer**

Bernt Krøvel

Synne Margrethe Sandberg

Ane Bergset Mandal

Ingeborg Nygjerd

Rita Horten Egge Paulen

**Volda kyrkjelege fellesråd frå Volda sokn:**

Ragnhild Margrete Aarflot Kalland

**Varamedlemmer:**

Kjetil Arve Myskja

**Litt statistikk**

År	Døypte	Innmelde	Utmelde	Konfirmerte	Tal på gudstenester	Til stades på gudstenester
2007	94	3	13	69	77	11 884
2008	84	6	18	104	78	11 593
2009	78	1	11	74	77	12 837
2010	67	3	15	76	78	11 061
2011	55	2	18	84	76	10 843
2012	56	5	16	72	80	11 574
2013	52	1	11	78	73	11 803
2014	43	2	15	61	82	10 430
2015	50	5	23	65	73	10 986
2016	51	0	64	77	81	10 360
2017	59	3	40	49	72	10 146
2018	60	2	22	69	79	10 569
2019	60	2	38	71	74	10 570

År	Offer totalt	offer/kollekt eige	Offer andre	Gjevarteneste	Gåver, tilskot, aksjonar o.l. <sup>1</sup>
2008	250 679	86 845	163 834	65 050	307262 <sup>2</sup>
2009	317 938	151 200	166 738	62 550	77500
2010	285 119	115 409	169 710	62 552	33120
2011	307 189	126 327	180 862	62 853	0
2012	340 352	123 692	216 660	55 254	27282
2013	321 146	104 900	216 246	48 300	29919
2014	373 691	131 577	242 114	51 756	18419
2015	418 187	155 952	257 235	50 857	17763
2016	411 641	182 584	229 057	51 556	454
2017	398 464	183 309	215 155	85 155	89051
2018	401 570	222 801	178 769	85 154	105450
2019	397 742	191 992	205 750	119 200	5961

1) Det har vore gjort enkelte endringar i rapporteringsskjemaet og vurderinga av kvar enkelte beløp skal posterast kan ha skifta frå år til år. Dette gjer at det ikkje utan vidare er lett å samanlikne tala for ulike år.

2) Det høge beløpet for året 2018 heng saman med konsertflygelaksjonen

3) Offer/kollekt til eige arbeid inkluderer kollekt ved 12-konsetar og andre arrangement.

## **Sett frå kyrkjetårnet**

Kvar veke har frivillige frå dei ulike sokna i Volda skreve ei kort andakt over søndagen si preiketekst til Møre i spaltena «Sett frå kyrkjetårnet». Wivi-Ann Koppen (Dalsfjord sokn), Herman Dahl (Kilsfjord sokn), Eilert Bø og Ivar Lotsberg (Volda sokn) har vore engasjert. Kvar veke har dei sendt ei andakt til Ingrid Finsådal, som så har lagt ved ei salme og søndagens bøn før endeleg sending til Møre på trykk i laurdagsavisa. Nokre veker har det også vore sendt inn stoff og biletar frå kyrkjekontoret med kva som har skjedd den siste tida i kyrkjelyden når det gjeld bla. trusopplæring mm.

## **Tilsette**



### **Tilsette i kyrkjelyden**

Arild Andenes, kyrkjetenar

Bert Handrick, kantor

Rita Vatne, kyrkjelydssekretær 30%, + 30% engasjement kyrkjelydssekretær

Beate Skorpen, ungdomsarbeidar 50% og diakoniarbeidar 10%

Inês Lobo Antunes, prosjektleiar Green Fingers 15% - 30%, til 31.12.2019

### **Tilsette for alle kyrkjelydane i kommunen med teneste i Volda kyrkjelyd**

Jostein Stråbø, kyrkjeverje

Hilde A. Kolås, sekretær (80 % lokalt og 20% for prosten)

Constanze Lindner, kateket

Wendi Sund Stråbø, trusopplærar 50 % frå 1.oktober 2019

Ingeborg Matre, prost (50% kyrkjelydsteneste)  
Kristian Myklebust, sokneprest Volda og Dalsfjord, 100%  
Ingrid Finsådal, sokneprest Austefjord og Kilsfjord, 100%

### **Erasmus+ Volontørar**

Paula Schade, til 31.08.2019  
Ana Sofia Monteiro, til 31.08.2019  
Andra Danci, til 31.08.2019  
Matous Soukup, frå 01.09.2019  
Malvine Brinkel, frå 01.09.2019  
Carolina Santos, frå 01.09.2019

### **Frivillige**

Mange er med som medarbeidarar i Volda kyrkjelyd, og soknerådet er takksam for alle dei frivillige som tek del i ulike oppgåver i kyrkjelyden.

### **Frivillige som har vore med og hatt oppgåver i kyrkjelyden**

Kontaktperson til NMS, misjonsprosjektet: Arne Redse. Frå november 2019 :Jostein Rotevatn  
Kontaktperson for Kirkens Nødhjelp: Heide Rinn Grimstad  
Kontakt til Bibelselskapet: Frå november 2019: Jan Ove Ulstein  
Kontakt til Kirkens SOS: Sverre Paul Runde3. Frå november 2019: Karen Brænne  
VKS-representant: Jostein Rotevatn  
VSR sine medlemmer i trusopplæringsutvalet: Constanze Lindner og Ingeborg Nygjerd  
Dåpsvert: Kirsten Bang, Ingebjørg Johanne Bæ (vikar)  
Stell av dåpskjolen som soknerådet har til utlån: Haldis Fløtre  
Samordning av forbørnenstesta: Jostein Rotevatn

### **RÅD OG UTVAL frå november 2019, nokre nyopprettet.**

Diakoniutvalet: Leiar: Beate Skorpen, Nestleiar: Bjørg Edel F Hustadnes, Leif Bjørn Skorpen, Kirsten Bang, Kjetil Myskja og Kari-Anne Henjum

Gudstenesteutvalet: Jostein Rotevatn, Kjetil Myskja, Kristian Myklebust

Misjonsutvalet: Jostein Rotevatn

Kyrkjemusikkutvalet: Leiar: Manglar, Kai Evensen, Vebjørn Vik, Elisabet Stave, Oddbjørg Egge, kantor Bert Handrich

Barne og ungdomsutval: Rita Paulen, Synne Sandberg, Ane Mandal, Kristian Myklebust

Økonomiutvalet: Bernt Krøvel, Jostein Stråbø, Kristian Myklebust

Kirkens SOS kontaktperson: Karen Brænne

Kirkens nødhjelps kontakt: Heide Rinn Grimstad

Volda Kristelege samarbeidsutval: Jostein Rotevatn, Kristian Myklebust, representant frå Eben Eser, frikyrkja, Frelsesarmeens, VOKS, KFUM/KFUK, Betel

Bibelselskapet kontaktperson: Jan Ove Ulstein

Trusopplæringsutval for Volda felles område: Constanze Lindner, Ingeborg Nygjerd

**Diakoniutvalet:**

Beate Skorpen (leiar)  
Bjørg Edel Hustadnes (nestleiar)  
Kjetil Myskja  
Kirsten Bang  
Leif Bjørn Skorpen  
Eilert Bø fram til somaren 2019

**Kyrkjemusikalsk råd**

Leiar (manglar)  
Kai Evensen  
Vebjørn Vik  
Elisabeth Stave  
Oddbjørg N Egge  
Kantor Bert Handrick

**Klokkarar/ medliturgar**

Bjørn Stave, Odd Ragnar Hunnes, Thilo Lindner, Stein Conradsen, Karina Grimstad, Kjetil Arve Myskja vikar Gunnar Snipsøyr. Desse gjer ei viktig teneste. Dei har alle vunne seg god erfaring – og er trygge i tenesta. Prestane uttrykkjer særleg takksemrd for at "klokkarane" står trufast i denne tenesta. Dei er til velsigning for oss alle!

**Kyrkjevertar**

Irene og Ivar Lotsberg, Ingunn Bergem, Margrethe Nærbo, Ingebjørg Johanne Bae, Liv Karin Dahl, Reidun og Jacob Bjørlykke, Line Homerset, Ole Einar og Valbjørg Torkildsen, Unni Strand, Olaug Rotevatn og Else Magerøy.

**Dåpsvert**

Kirsten Døvre Bang

**Kyrkjeteknikarar**

Vigleik Hustadnes, Bernt Krøvel, Nils Magerøy, Ralph Meier, Ole Peder Dalen, Leif Bjørn Skorpen og Jostein Stråbø.

**Kyrkjekaffiteam for kyrkjekaffi i kyrkja**

Inger Ulstein, Jan Ove Ulstein, Jostein Rotevatn, Gjertrud Rotevatn, Jostein Stråbø, Liv Dahl, Odd Ragnar Hunnes, Ole Peder Dalen, Valbjørg Torkildsen, Ole Einar Torkildsen, Elin Løfoll, Rita Paulen, Sintija Olsen, Oddbjørg Egge, Kjetil Myskja, Synnøve Bolstad, Johanne Øvregaard, Toril og Gunnar Snipsøyr,

**Blomster på altaret**

Våren 2017 fekk vi i gang ei ordning med frivillige som leverer blomster på altaret dei fleste søndagane gjennom året. Desse var med på ordninga i 2019:  
Johanne Øvregaard, Berit Hallaråker, Reidun Myklebust Krøvel, Grete Hallaråker, Ingrid Dyrhovden Øvstebø, Gjertrud Rotevatn, Liv Dahl, Torhild Halse, Reidun Hunnes, Bente Lothe Eldholm, Astri Hunnes, Kjetil Myskja, Olaug Rotevatn, Marit Isene, Oddbjørg Egge

**Mentorar for EVS-volontørane**

Heide Rinn Grimstad, til 31.08.2019  
Mari Solheim Thomassen, til 31.08.2019  
Guro Kristin Gjøsdal, til 31.08.2019  
Nils Magne Magerøy, frå 01.09.2019  
Marit Isene, frå 01.09.2019  
Ingeborg Nygjerd, frå 01.09.2019

## **Styret i kyrkjekoret**

Knut Åmås, leiar  
Britt Unni Skogly  
Gerd Botn Brattli, vara  
Marit Redse, vara  
Kantor Bert Hanrick, fast medlem

## **Gudstenestelivet**

Det er gudsteneste omrent kvar søn- og heilagdag i Volda kyrkje, noko som gjev høve til eit kontinuerleg gudstenesteliv, der kvar søndag kan følgje kyrkeårsdagen sine tekstar, tema, salmar og «stemning.» Dette eit godt utgangspunkt for eit gudstenestearbeid som kan få fram fylden i den kristne trua gjennom kyrkeåret. Det gjev rom for ulike type gudstenester, utan at «den raude tråden» forsvinn.

Talet på gudstenestedeltakarar har vore stabilt dei siste åra. I 2019 var det 10570 deltakarar på alle gudstenestene til saman. 7702 av dei var på gudstenester på søn-og heilagdagar, dei andre på kvardagsgudstenester. (Noko som no også inkluderer konfirmasjonsgudstenester på laurdag, som tidlegare vart rekna som søn/heilagdag)

Sjølvsagt skulle vi ønske at det kom fleire! Særleg flott hadde det vore om det var fleire søndagar der endå fleire frå alle generasjonar var saman i kyrkja. Eg trur alle merkar det når det er slik, for gudstenesta er vår felles hovudsamling. Vonleg vil ulikt familiearbeit vere med på å styrke born, unge og familiar si deltaking i gudstenestelivet. Vi kan ikkje anna enn å be og arbeide for at fleire skal finne vegen til kyrkja. Samtidig må vi halde fast på at hovudsaka når vi feirar gudsteneste er dei er der, som kjem saman, og det som vert gitt oss i gudstenesta sin fellesskap- og det vi vert sende med frå gudstenesta: som vitne om ein Gud som er livet sin Gud, og som tenrarar for Han som elskar alle menneske.

I 2019 hadde vi desse gudstenestene utanfor kyrkjerommet: Avslutning av fellesmøteveka på Uppheim, Skaparverkets dag på Bondalseidet, Festspelgudsteneste i Aasentunet, friluftsgudsteneste ved Kilskrossen i juni og familiegudsteneste på Uppheim i desember.



Samtalegudstenesta med konfirmantane er flytta til Kjeldsund, og er avslutninga på konfirmantleiren. Dessutan vart det i byrjinga av desember markert i ei festgudsteneste på Grodås at Hornindal sokn vert ein del av Møre bispedømme frå 1.1.20.

I tillegg til dette hadde vi semesteropningsgudstenestene i august, gudsteneste under Forskingsdagane i samarbeid med høgskulen i september. Vi hadde også ei kveldsgudsteneste i samarbeid med studentmiljøet i november. I tillegg kjem sjølvsagt ulike familiegudstenester med deltaking frå born i trusopplæring, speidargudsteneste, ulike gudstenester der konfirmantane tek del- og dei tradisjonelle høgtidsgudsteneste, som alltid er særleg viktige for ein kyrkjelyd. Det er fint at det er god oppslutning om påskedagsfeiringa, og i 2019 var også pinsedag ei gudsteneste med god deltaking. Slik er det også i jula, der juleotta framleis samlar mange, utan at det vert lite folk i høgtidsgudstenesta kl.11.00.



Det er mange frivillige som gjere teneste i kyrkjelyden. Dette er svært viktig for gudstenestelivet og fellesskapen i kyrkjelyden. I år er det ei gruppe eg særleg har lyst å nemne: I haust har det vore med forsongargruppe i om lag alle gudstenester! Det er Beate Skorpen som har administrert dette i kantor si sjukemeldingsperiode. Forsongarane lyftar fellessongen, og gir så mykje til gudstenestefeiringa. Eg håper dette kan halde fram i 2020, saman med framleis brei involvering av song- og musikkrefter frå Volda. Dette skaper viktige band mellom kyrkja og lokalsamfunnet!

Den norske kyrkja vedtok i 2019 ei justering av gudstenesteordninga si. Mange av justeringane som vart gjort, hadde Volda sokn allereie gjort i 2017 då vi sist hadde ein gjennomgang av gudstenesteordninga. Det kan likevel vere naudsynt med nokre mindre endringar, for å følge den nasjonale ordninga.

I 2019 var det kyrkjeval og eit nytt sokneråd er valt. Det er alltid spennande å ta til på ein ny periode, men det er eit flott nyvalt sokneråd som er på plass. Eg ser fram til samarbeidet- og vil takke dei som har gitt seg for viktig innsats for kyrkjelyden vår!

I 2019 vart det også tilsett ein ny prest i Volda: Per Kristian Hovden Sætre tek til som sokneprest i sokna i det som no er «indre del» av Volda kommune. Vi er glade for ein auke i prestetildelinga til Volda, sidan fellesrådsområdet har vokse med to sokn og over 1000 innbyggjarar!

Soknepresten i Volda hadde i 2019 til saman 10 veker studiepermisjon, delt på vår og haust, i samband med kurset «teologi og forkynning for høgtidene.»

## Dåp

Det er mykje merksemrd på dåpen i Den norske kyrkja, og også på dåpstala. Den nasjonale trenden er tydeleg: Tala går nedover, men i 2019 kan det sjå ut som nedgangen har stoppa noko opp.

Lokalt har tala på døpte i prosent av tal på fødde i soknet vore slik:

2015: 72, 6

2016: 62, 7

2017: 73, 4

2018: 59, 3

2019: 76,4

Vi ser ganske store svingingar i dåpstala frå år til år, slik det har vore i Volda gjennom mange år. Likevel er det sjølvsagt gledeleg at ein større del av dei som er fødde i soknet vart døpte i 2019!



Hausten 2018 vart det slutt på at soknet fekk melding om fødsel frå Folkeregisteret, slik at vi ikkje lenger kan sende invitasjon til dåp. Det ser ikkje ut som om denne endringar har så store konsekvensar for dåstalet. Ei ny nettside er på plass, og er viktig i arbeidet med å gjere informasjon og påmelding til dåp meir tilgjengeleg. Her kan også foreldre melde borna til dåp.

## Samtale og sjelesorg

Ei viktig side av prestetenesta er samtale og sjelesorg.

Dette er «usynleg» side av prestane sitt arbeid. Mange har behov for å snakke med nokon om livet og trua si. Det skjer noko viktig når ein set ord på det som er vanskeleg eller det som er uklart og vanskeleg å skjøne. Ofte kan ein gjere det til nokon ein kjenner, men mange opplever at det godt å bruke ein samtalepartner som står meir på avstand og som ein ikkje lever så tett på i kvardagen.

Vi opplever at mange ikkje veit om at kyrkja har eit ståande tilbod om samtale, sjelesorg, skriftemål og soknebod (nattverd i heimen for dei som ikkje kan komme til gudstenesta) Kanskje er vi for lite flinke til å kommunisere dette tilboden. I løpet av 2019 har vi arbeidd med å få på plass ei studentpresteteneste ved Høgskulen. Dette håper vi vert formelt ordna i 2020, men vi er allereie tilgjengeleg for samtalar for studentar.

### **Andakter på institusjonar**

Prestane i Volda held andakter på Volda omsorgssenter tre gongar i månaden, med unntak av feriane då det er to i månaden. Her er det også nattverd ein gong i semesteret. Dessutan er det andakter på Fjordsyn og Folkestadtun ein gong i månaden. Det var også andakt på Nilletun ein gong i månaden til nedlegginga. Diakoniutvalet lagar til ei samling med andakt på Fjordsyn ein gong i månaden. Frå januar 2020 er også Hornindal omsorgssenter inne i andaktsturnusen, med to andakter i månaden.

Kristian Myklebust


sokneprest

## **Trusopplæring**

### **Generelt**

Med tilboden om trusopplæring ønskjer soknerådet å støtte familiane i trusopplæringa i heimen og samstundes ta på alvor oppdraget vi som kyrkje har fått i dåpen – om å legge til rette for at born og unge kan vokse i si tru på Jesus.

I 2019 har 235 barn mellom 1 og 16 år deltatt på trusopplæringsarrangement i Volda sokn. Endå fleire kom til gudstenester, saman med familiane sine. Dette er vi veldig takksame for.



## Tilsette i trusopplæringa

Hovudansvaret for trusopplæringa har kateketen Constanze Lindner. På vårsemesteret jobba Ingeborg Eikenæs som vikar i trusopplæringsarbeidet. Ho hadde hovudansvar for Skiweekend, Dalsfjordleiren og ungdomane etter konfirmanttid, men var også involvert i trusopplærings- og konfirmantarbeidet elles. Vikariatet gjekk ut juni 2019. Sommaren 2019 vart Wendi Sund Stråbø tilsett som ny trusopplæringsmedarbeidar. Ho byrja i stillinga i oktober. Wendi har jobba som trusopplærar dei siste 10 åra i Borgund og Ulsteinvik, og har vert med å utvikle den lokale trusopplæringa der og har brei erfaringsbakgrunn frå barne- og ungdomsarbeid.

I tillegg er også ungdomsarbeidar og diakoniarbeidar Beate Skorpen og EVS-volontørane involvert i trusopplæringa. Prestane er med på tiltak som er knytt til gudstenesta der har ansvaret for. I 2019 var organist Erlend Koppen fast med i konfirmantarbeidet og ein skilde trusopplæringstiltak.

## Arrangement i trusopplæringa i Volda sokn

Oversikta under visar kva arrangement som vart gjennomført i 2019 og oppslutnaden ift tal på medlem i årskullet.

Alder	Tiltaksnavn	Timer	Deltakarar i %		
			2019	2018	2017
0	<b>Dåpssamtale og dåp</b> ved presten. Utdeling av dåpsserviett og eit dåpsbilete	2	100	100	100
0	<b>T 0 – Babysong</b> Annakvar torsdag. Kristne songar, salmar og reglar, sosialt samver	18	60	27	29
1	<b>T 1 - Markering av 1. dåpsdagen</b> Kvardagsgudsteneste med enkel liturgi og utdeling av gåve (smikke)	1	27	13	9
2	<b>T 2 - Markering av 2. dåpsdag</b> Kvardagsgudsteneste med enkel liturgi og utdeling av gåve (bok)	1	33	9	13
3	<b>T 3 - Markering av 3. dåpsdagen</b> Kvardagsgudsteneste med enkel liturgi og utdeling av gåve (CD)	1	27	21	16
4	<b>T 4 - Undretur med utdeling av 4årsbok</b> Her prøvar ein å skifte mellom to ulike 4-årsbøker, kvart eller annakvart år.	3	39	31	33
6	<b>T 6 - Dåpsskule - kurs for 6åringar</b> Om skaping, Jesus, dåp, nattverd. Metodikken Gudsrikeleiken. Utdeling av "diplom" og boka «Tre i eit tre» i avslutande familiegudsteneste	9	12	22	18
8	<b>T 8 – Tårnagenter</b> Formidling av Herrens bøn og om å be. Utforsking av kyrkja.	5	29	40	26
9	<b>T9 - Skattejakt i Bibelen</b> Om ei sentral person i Gamle testamentet, samahengen i Bibelen. Utdeling av bok.	2	Under endring: ikkje gjennomført		6
10	<b>T 10 – Dåpsfest</b> Markering av 10-års dåpsdagen.	3	18	Ikke starta opp	
11	<b>T 11 - LYSVAKEN - Overnatting i kyrkja</b> Om å høyre til kyrkja og Gud. Jesus i tempelet. Film, song, gudstenesteverkstad og overnatting i kyrkja.	12	17	25	Utsett til febr 2018 pga

					sjukdom
15	<b>T 14 - Konfirmasjon</b>	82	85	82	81
16	<b>T 16 - MILK – Minileiarkurs for fjarårets konfirmantar</b> 2 kursbolkar: januar – februar og mai – juni.	26	2	2	8
16	<b>T 16 – KonfirmantReUnion</b>	2	Feb: 26 Okt: 19	Ikkje starta opp	

Oppslutnaden ligg i snitt på 37%. Både forholdsvis «unge» tiltak som Babysong og dei med lang tradisjon som Undretur og konfirmasjon er populære. Når det gjeld arrangement for dei yngste følg Volda sokn den nasjonale utviklinga.

Staben som jobbar med trusopplæringa gjer fortløpende evalueringar og vurderingar for å nå ut til fleire og for betre tilbodet.

Eg kjem til å presentere dei tilbod som vi starta opp i 2019:

### Krøllesamling

Allereie under utviklinga av den lokale planen for trusopplæringa i 2011 har trusopplæringsutvalet vert tydeleg på at vi må satse på å markere dåpsdagane på for 1-, 2- og 3-åringane. Vi har dei siste åra prøvd ut ulike måtar å gjere dette på. Våren 2018 og våren 2019 inviterte vi til ei kveldssamling i kyrkja, med songar frå Babysong, ei veldig enkel Jesus-forteljing, dåpspåminning ved døypefonten, utdeling av gåver til borna og velsigninga.

Sjølv om familiane gav oss gode tilbakemeldingar etter samlingane kom det berre få born. Difor inviterte vi til ei ny samling i november 2019. Vi endra namnet til «Krøllesamling». Mange kjenner sauken Krølle frå Babysong.

Programmet vart redigert, korta ned og delt opp i fleire punkt. Dette gjorde det tydelegvis enklare for dei små å følgje med. Krølle opna samlinga og borna synes det var stas! Også her brukte vi kjende songar frå Babysong. På ei vandring fekk borna høre ei Jesusforteljing, klappe Krølle, tenne lys i lysgloben, synge saman med organisten og mykje meir. Under vandringa fekk dei samstundes delt ut dåpsgåva si.

Vi fekk mange gode tilbakemeldingar etterpå. Krølle har blitt veldig populær blant dei yngste! Vi ser likevel at det er store forskjell mellom dei ulike aldersgruppene og kjem difor til å jobbe vidare med dette.



## **Dåpsfest for 10-åringar**

I fleire år har vi slitt med å lage eit arrangement som fenger interessa til 10-åringane våre. Vi har m.a. prøvd ut Skattejakt, Bibelkunst og Bibelrebus. Einskilde år var vi nøydde til å avlyse grunna for lite påmeldingar. Hovudfokus har vore å undervise om Bibelen. Tiltaket var lenge knytt til bibelutdelinga i kyrkja. Dei siste åra har vi valt å gå vekk frå denne koplinga. Ønskje er no å markere 10-års dåpsdagen.



I november 2019 kunne vi endelig invitere til «Dåpsfest» for første gong. Alt dreidde seg om temaet «vatn som gir liv og frelse»: frå leikane, bibelforteljingane («Moses og Raudehavet», «Jesus går på vatnet») Filmen vi viste til og den avsluttande bønevandringa. Sjølvsagt vart jubileet markert på skikkeleg vis med pizza og festkake! Vi laga ei enklare og meir iaugefallande invitasjon med mindre tekst. Om dei ville vite meir kunne dei sjå på heimesida eller ta kontakt i tillegg til eit enklare påmeldingssystem, for dei som vi allereie hadde inne i systemet. Dette passar bra for foreldra i deira travle kvardag. Det var 15 påmeldte og av dei blei 9 med på gudstenesta søndagen etter. Relasjonsbygging er nok det viktigaste for å få barn med på våre arrangement.



### **KonfirmantReunion**

Volda sokn skil seg – dessverre – ikkje ut frå andre sokn i prostiet når det gjeld å engasjere ungdom etter konfirmasjonstida. Vi har dei siste åra opplevd at berre veldig få ungdomar ønska å vere med «vidare» for å delta på MILK – MiniLeiarKurs. Dette er hittil det einaste tilbodet vi har for ungdomar frå 15 år og oppover.

Vi ønskjer å skape ein arena der ungdomane kunne møtast utan å måtte delta på eit kursopplegg. Difor inviterte vi i februar for første gong til **KonfirmantReunion** for dei ungdomane som var blitt konfirmert hausten 2018. På programmet stod pizza, leikar, songar og fotokavalkade frå konfirmanttida, andakt og god tid til å mimre, spele og å vere sosial. Tilbakemeldingane frå dei 26 ungdomane som kom var positive. Difor valte vi å gjenta dette på seinhausten, då for ungdomane som var blitt konfirmert i september i 2019. Denne gongen kom det 19 ungdomar. Programmet var nokså likt den første KonfirmantReunion. Vi håper å nå ut til enda fleire ved å informere om arrangementet og datoene allereie i konfirmasjonstida.

Utover det jobbar vi med å utvikle ei undersøking for ungdomar der vi spør om deira eigne ønskje og behov for eit tilbod for ungdom i våre sokn.

### **Frivillig engasjement**

For å kunne gjennomføre trusopplæringsarbeidet er frivillig engasjement avgjerande! Soknerådet er takksamt for alle som engasjerer seg i planlegging og gjennomføring av desse arrangementa. Her gjer ikkje berre foreldre og besteforeldre, men òg konfirmantar, fjarårets konfirmantar og enkeltpersonar frå kyrkjelyden ein viktig innsats!

### **Volontørane**

Frå 2013 har soknerådet samarbeida med fellesrådet, Volda KFUK-KFUM og Volda & Ørsta Ten Sing om å finansiere volontørar frå EU-programmet European Volunteer Service (EVS). Dette er ei europeisk volontørteneste som er støtta av EU og administrert av Barne-,

ungdoms- og familiendirektoratet (Bufdir). Gjennom ordninga kan europeisk ungdom ha teneste i eit anna europeisk land i to til tolv månader.



I 2019 har vi til ei kvar tid hatt tre volontørar som alle hadde 12 månader tenestetid, men med ulik starttid. Volontørane er ein del av staben ved kyrkjekontoret og har mange oppgåver knytt til trusopplæring og konfirmantarbeidet. Vidare har dei vore med i barne- og ungdomsarbeidet på Uppheim. Dei har praktiske oppgåver knytt til drifta av Uppheim og hjelper til i Green Fingers prosjektet, kyrkjemusikkarbeidet o.a.

I løpet av 2019 har dei vore sentral i det praktiske arbeidet med *Middag på Uppheim*. Vi er takksame for den gode innsatsen deira!

### **Søndagsskulen**

Diverre har vi ikkje lukkast med å starte opp att søndagsskulen enda. Soknerådet ønskjer å tenke breiare kring familiar med småbarn og er no i gang med å samle eit utval som skal jobbe med dette.

### **Barne- og ungdomsarbeidet i frivillige organisasjoner**

Kyrkjelyden driv sitt viktigaste barne- og ungdomsarbeid i trusopplæringsarbeidet. Det vert også samarbeidd med det arbeidet som organisasjonane driv, Ten Sing, speidararbeidet m.m.

I gruppene til *Volda KFUK-KFUM* speidarane samlar seg om lag 80 barn mellom 8 og 18 år fordelt på fire troppar til møte nesten kvar torsdag. «Rover»-troppa på 20 ungdom frå 16 år og oppover møtast berre av og til, men er veldig engasjert i samarbeidet med andre grupper på Sunnmøre og nasjonalt. Mange vaksne engasjerer seg som leiarar i det lokale speidararbeidet.

Dermed er Volda speidarane ein av dei største gruppene på Søre Sunnmøre! Gruppa samarbeidar med kyrkjelyden ved m.a. 17.mai-gudstenesta og hausttakkefesten i september. I 2019 arrangerte Voldaspeidarane St.Georgsløpet for heile Søre Sunnmøre som starta med ei felles gudsteneste i Volda kyrkje.



*Volda-Ørsta Ten Sing* er ein viktig del av ungdomskulturen i nærområdet. Meir om dette samarbeid kan du lese i kapittelet «Ungdomsarbeid».

Vi er glade for samarbeidet mellom kyrkjelyden og mange av dei friviljuge organisasjonane, t.d. i familiegudstenester eller i samband med konfirmasjonsopplegget. Soknerådet/kyrkja ynskjer å samarbeide med dei friviljuge organisasjonane lokalt. Soknerådet nemner i takksemd alle dei som står på i barne- og ungdomsarbeidet i soknet. Vi ser stort på dette arbeidet, og ønskjer å støtte opp om det på ulike måtar. Samtidig registrerer vi at det ikkje er enkelt å rekruttere nye leiarar til dette viktige arbeidet.

## Samarbeid med skulane og barnehagane



Volda kyrkjelyd har over mange år eit godt samarbeid med barnehagane, skulane og leiinga for «Oppvekst og opplæring» ved Volda kommune. Ein er positiv til kyrkja sine tilbod, påskevandring for 5-åringar og førjulsgudstenestene.

Sjølv om Volda kommune har skriftleg påmelding frå elevane til skulegudstenestene har dette ikkje ført til at færre elevar deltek. Nokre lærarar nyttar seg av det opne tilbod om å få ei skuletime i kyrkja. Desse kjem stort sett frå Øyra skule. Men dette er veldig avhengig av lærar

## DIAKONI

### Diakoniutvalet

Diakoniutvalet i Volda sokn har dei siste åra hatt fem medlemmer. Fram til sommaren var dette: Eilert Bø, Kirsten Døvre Bang, Leif Bjørn Skorpen, Bjørg Edel Hustadnes (nestleiar) og Beate Skorpen (leiar). Etter sommaren overtok Kjetil Myskja for Eilert Bø. Etter at det nye soknerådet hadde kome i gang, blei også Kari Anne Henjum vald inn i diakoniutvalet.

### Diakonisamlingar på Fjordsyn

Diakoniutvalet har sett det som si hovudoppgåve å arrangere *Diakonisamlingar på Fjordsyn* éin onsdag per månad heile året utanom juli. Det faste programmet er allsong, andakt, bøn, korsong eller solosong og samtale/prat. I tillegg til bebuarane har pårørande, familiemedlemmer eller vener av andaktshaldaren/songarane og personalet nokre gongar vore til stades på samlingane. Arne Magerøy har, i lag med diakoniutvalet, fungert som fast forsongar på allsongane.

## **Diakoniens dag**

Diakoniutvalet deltok med forbøn og lystenning i gudstenesta på *Diakoniens dag*, søndag 17.03.19.

## **Diakoniarbeidaren**

I heile 2019 har Beate Skorpen vore fast tilsett som diakoniarbeidar i 10% stilling.

Diakoniarbeidaren sine arbeidsoppgåver har mellom anna vore knytt til:

- Rekruttering og oppfølging av frivillige til ulike oppgåver i kyrkjelydsarbeidet
- Inkludering av grupper/enkeltpersonar i ulike kristne fellesskap i kyrkjelyden
- Organisering av forsongartenesta i gudstenestene
- Invitasjonar, til både godt skolerte utøvarar og amatørar, om å delta med songinnslag i gudstenestene
- Samtaleteneste
- Punkta som vert særskild omtala under



## **Kyrkjekvelds**

Fire søndagar etter kveldsgudstenesta, har vi invitert til *Kyrkjekvelds* på kyrkjekontoret.

Menyen har vore heimebaka brødmat og pålegg pluss varme pølser eller karbonadar. Det har ikkje vore noko program utover fellesskapen rundt matborda. I snitt har rundt 50 personar teke kveldsmaten saman med kyrkjelyden desse dagane. Mange studentar har kome, og dei har vore rause med å rose tiltaket.

I lag med dei oppsette kaffivertane har kyrkjelydssekretæren, Rita-Irene Vatne, vore ein viktig ressurs her.

## **Salmekveld**

På *Salmekveld* i kyrkja har det vore høve til å bli betre kjend i salmeboka vår, for på desse kveldane er det berre salmar frå «Norsk salmebok 2013» ein syng eller lyttar til. Allsongen har stått i fokus, med eit par innslag av solonummer og opplesing av salmar i tillegg.

Salmane har dei frammette ønska seg på førehand. Eit par av dei som har ønskt seg salme, har også sagt litt om kvifor valet fall på nettopp den salmen. Det har òg vore høve til å kome med eit par song-forslag frå kyrkjebenkane, der og då.

Mot slutten av samlinga har ein laga eit «salmekor». Då har alle som vil, kunna bli med og synge den siste salmen frå kortrappa i Volda-kyrkja.

Ved utgangen har ein samla inn kollekt til innkjøp av fleire eksemplar av salmeboka.

Det har vore arrangert éin slike salmekveld i 2019; tysdag 26.03.19.

11 frivillige har vore involvert, og då spesielt Elisabeth Meyer Stave, som har akkompagnert alle songane frå flygelet.

## **Kyrkjelydsfest**

Den norske kyrkja i Dalsfjord, Kilsfjord, Austefjord og Volda sokn arrangerte *Kyrkjelydsfest* på Uppheim laurdag 28.09.19. Hovudinnslaga på festen var:

- Andakt ved Erlend Koppen, organist i Dalsfjord sokn.
- Inspirasjonsføredrag ved Bente Wangensteen, undervisningsrådgjevar ved Møre bispedømerådskontor: «Formidling gjennom forteljing – Lemar på Kristi lekam».
- Musikk ved musikarane Morten Bollerud, Sindre Løvik og Arild Andenes.

På programmet elles sto det allsong, god drøs, mat på fat, songinnslag, samtale i grupper og takk til frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane.

Godt og vel 50 menneske tok del på festen, som vart leia av Rita-Irene Vatne.

## **Kveldsbøn i Taizé-tradisjon**

Taizé-fellesskapen, som er ein kristen, økumenisk munkeorden med moderhus i Taizé i Bourgogne i Frankrike, står bak ei eigenarta form for liturgisk musikk. Det er enkle frasar – gjerne henta frå Davidssalmane eller andre stader i Bibelen – som vert repeterete eller sungne i kanon.

På *Kveldsbøn i Taizé-tradisjon* har vi ynskt velkommen til ei roleg kveldsstund i kyrkja, med høgtlesing av bibelvers på fleire språk, bøn, stille og ettertanke, fleirstemte songar med bibelske tekster, gitarrakkompagnement og levande lys.

Vi hadde éi slik kveldsbøn i 2019; torsdag 21.02.19.

Leif Bjørn Skorpen spelte gitar, volontøren Paula Schade spelte tverrfloyte, sju forsongarar (SATB) leia den firestemte allsongen, andre las bøner, og Ingrid Finsådal var liturg.

## **Middag på Uppheim**

Seks torsdagar om våren og fem om hausten har vi hatt middagsservering i peisestova på Uppheim frå kl. 15.30 til 17.30. Tilboden er opent for alle, og folk i alle aldrar tek del, men det er særleg populært blant barnefamiliar. Volontørene er viktige for å kunne gjennomføre *Middag på Uppheim*. Dei riggar til lokala, lagar maten og står for serveringa og oppvasken. Diakoni-/ungdomsarbeidaren, prestane og kateketen tek ansvaret for leiing, andakt, songstund og miljøarbeid, pluss innkjøp, praktisk førebuing og opprydding. Prisen på måltidet er 50,-/person eller 150,-/familie. Mellom 25 og 50 personar har møtt opp kvar gong.

Ut 2019 har vi hatt ei song- og andaktsstund som del av middagssamlinga. Song- og andaktsstunda har funne stad i peisestova ein gang mellom kl. 16.30 og 17.00. Dette har fungert, men det ikkje vore ideelt. Folk kjem og går og et til ulike tidspunkt, og dermed opplever deltakarane at middagen deira anten blir avbroten eller ikkje kjem i gang på grunn

av denne samlingsstunda. I tillegg har lydtilhøva vore ei utfordring, pluss at ein ikkje har noko naturleg podium eller samlingskrok når peisestova er full av duka bord.

Vidareutvikling: Mot slutten av året bestemte vi å endre på måten andaktssamlinga blir organisert på. Det nye blir at samlinga skal flyttast opp i storsalen og vare frå 17.00 – 17.30. Der skal ein først har felles leik med barn og vaksne saman og så avslutte med ei andaktssamling.

[I skrivande stund (april 2020) har vi hatt tre slike nye samlingar, og erfarer et denne måten å samlast på gir verdifull leik mellom barn og vaksne, og ei fin og verdig ro til andaktsstunda.]

### **Barnekoret på Uppheim**

I november 2019 gjekk diakoniarbeidaren i gang med å planlegge gjenoppstart av *Barnekoret på Uppheim*. Koret har lege nede i fleire år. Anne-Marit Bae, Liv Kristin Bjørlykke Øvereng, Erlend Koppen og Ane Bergset Mandal – som seinare skulle utgjere barnekoret sitt styre – blei med i den vidare planlegginga. Før året rand ut, var såpass mykje på plass at vi planla å kome i gang i slutten av januar 2020.

[Slik gjekk det også, og tysdag 28.01.20 møtte 28 barn, forutan småsysken, foreldre og nokre besteforeldre, opp til den første øvinga.]

## **UNGDOMSARBEID**



### **Ungdomsarbeidaren**

I heile 2019 har Beate Skorpen vore fast tilsett som ungdomsarbeidare i 50 % stilling i Volda sokn. Ungdomsarbeidet i Volda kretsar omkring følgjande aktivitetar:

**Konfirmantarbeid (sjå eigen omtale).**

## **Minileiar-kurs**

*Minileiar-kurs (MILK-kurs)* er for ungdommar som nett har vore konfirmantar, og som ynskjer leiaroppgåver på ulike arrangement som kyrkjå driv, til dømes konfirmantleiren for kullet under seg, «Lys Vaken», «Tårnagentar» osb. Kurset har åtte samlingar etter skuletid pluss ei helgesamling.

Det er dessverre få ungdommar som melder seg på dette tilbodet. Både på kurset som vart avslutta våren 2019 og på det som starta hausten 2019, var det berre tre deltagarar utanom dei tre volontørane, som også tok del.

Her treng vi ekstra mykje forbøn om leiing.

## **Volda & Ørsta Ten Sing**

Kvar tysdag kl. 18.00 – 20.00 samlast *Volda & Ørsta Ten Sing* (VØTS) på Uppheim.



Øvingane inneholder song, dans, drama, band, leik, kveldstankar og ikkje minst sosialt samvære. På det jamne møter 10-14 ungdommar opp. Ragnhild Strømsnes Aarseth og ungdomsarbeidaren er vaksenleiarar for ungdommane og byter på å delta på øvingane. VØTS ønsker seg fleire medlemmar, så det er fint om alle som kjenner ein tenåring vil tipse ho/han om moglegheita til å vere med i Ten Sing! I tillegg vil det vere verdifullt om Ten Sing kan få knyte til seg nokon (ungdommar eller vaksne) som kan styrke og vidareutvikle bandet.

## **Ungdomskveld**

Laurdag 19.10.19 arrangerte vi *Ungdomskveld på Uppheim*.

Wendi Sund Stråbø heldt andakt og volontørane Carolina Salomé og Malvine Brinkel blei intervjuat. I tillegg hadde vi allsong, leikar, dans, Kahoot, brettspel, kortspel, biljard og air hockey samt sal av pølser og brød, vårrullar, frukt og snacks.

Konfirmantane som tok del på ungdomskvelden, fekk samlinga godkjent som gudsteneste. 33 ungdomar tok del.

## ÅRSMELDING 2019 Volda kyrkjekor

Etter årsmøtet den 10.04.2019 har styret vore slik samansett:

Knut Åmås, leiar  
Britt Unni Skogly  
Gerd Botn Brattli, vara  
Marit Redse, vara  
Kantor Bert Handrick, fast medlem

Merknad: Styret har i 2019 mangla eit fast medlem då det ikkje lukkast å få dette valt på årsmøtet. Begge varamedlemer har difor møtt på styremøta.

Vebjørn Vik held fram som koret sin representant i det kyrkjemusikalske rådet. (valt i 2018).

Anne Elisabeth Åmås, styreleiar i 2018, gjekk ut i sjukepermisjon frå desember- 18 og måtte seie i frå seg attval grunna behov for lengre permisjon. Vi takkar for innsatsen i 2018 og for årsmeldinga for 2018.

Våren 2019 var prega av eit spanande samarbeid med Ørstakoret og Ålesund kirkekor om Gabriel Faure: *Requiem* og *Messe basse* og Bert Handrick: *Agnus Dei*. Ørstakoret var kjend med Faure's Requiem frå før (2 år tidlegare) og var ei solid støtte til dette vakre verket. Deira dirigent, Ketil Grøtting stilte også som barytonsolist.

I tillegg var solist Lisbeth Lislevatn med som mezzosopran.

(B. Handrick's *Agnus Dei* vart framført i samarbeid med Ålesund kirkekor).

Første konserten var i Volsdalen kirke søndag 31.mars kl 17.00. Her tok også Ålesund kammerorkester del med 12 musikarar, B Handrick på orgel og med Nicolas Fehr som dirigent. Vi opplevde eit flott samspel mellom kor og orkester og kyrkja var godt tilrettelagd for stort kor i det romslege korpartiet.

Andre konserten var i Volda kyrkje laurdag 6.april kl 19.30. Her var det orgelakkompagnement v/Nikolas Fehr og med Bert Handrick som dirigent.

Gode tilbakemeldingar frå tilhøyrarar på begge konsertane.

Årsmøtet vart halde den 10.04.2019 på kyrkjekontoret. Viser til eige referat.

Etter påske starta koret opp med innøving og førebuing av haustprogrammet fram til første veka i juni.

Haustsemesteret starta med øvingar frå 14. august.

Øvingane handla mest om å fullføre innøvinga av B Handrick: *Missa brevis voldensis* med *Kyrie, Gloria, Sanctus* og *Agnus Dei*. Før konserten den 27. oktober var det også 4 fellesøvingar med Volda Vokal.

På konserten tok også Ketil Grøtting med som solist og Sunnmøre Cello Quartett framførte Bach: *Chaconne*. (Ero Voitk, Sylvia Baier Evensen, Kai Johannes Evensen og Thor Åge Evensen). Quest sytte for eit innslag med samtidsmusikk (Geir Hjorthol, Torleif Sagstad, Erik Fooladi og Andreas Barth).

På gudsteneste den 03.11 framførte koret *Agnus Dei* frå *Missa brevis voldensis*

I november og starten av desember vart det innøving av julekonsertprogrammet:

Koret øvde inn 5 julesalmar arrangert av B Handrick (5 stemmer): *Folkefrelsar til oss kom, - Å kom, å kom, Immanuel, - Det kimer nå til julefest, - Å Betlehem du vesle by,- og Stille natt, heilage natt.*

I tillegg 3 satsar av Mozart: *Kyrie eleison,- Misericordias Domini og Tantum ergo.*

I konsertprogrammet «Norsk jul saman med Mozart», vart det i tillegg framført Mozarts: *Exultate Jubilate* ved Sunnmøre kammerensemble og med Louise Engeseth som sopransolist. Det vart ei ypperleg framføring av krevjande solistparti i denne motetten på begge konsertane: i Volda kyrkje den 14. desember og i Dalsfjord kyrkje den 15. desember.



Totalt eit variert og fint samansett konsertprogram. Stor takk til dirigent Bert Handrick for organiseringa av det fine programmet.

Siste innsats i 2019 var deltakinga på: - Vi syng og spelar jula inn – den 22. des. I samarbeid med Volda Vokal. Der vi «hjelpte kvarandre» med kvar sine innslag. (Noko redusert program grunna stort «mannefall» - særleg frå kyrkjakoret).

Medlemstalet i 2019 ligg på ca 25. 2 -3 i heil el delvis permisjon. Under juleprogrammet hadde vi glede av at 4 nye vart med ( 2 høgskolestudentar).

Kanskje vi bør vurdere større rekrutteringsinnsats i høgskolemiljøet sjølv om deltakinga ikkje vert langvarig. Dei to som var med fann seg godt til rette.

Aktuelle saker for styret og årsmøtet i 2019:

1. Oppfølging av saka om behovet for nye kortrapper. Dette er ei fellessak for det kyrkjemusikalske arbeidet når større kor skal nytte Volda kyrkje. Soknerådet er positive til fornying, men plassering må avklarast før innkjøp.

2. Økonomi. Då rekneskapen vert ført i det kommunale systemet saman med resten av den kyrklege rekneskapen har vi ikkje heile tida full oversikt over stoda. Men rekneskapen for 2018 viste positiv auke i kyrkjekoret sitt fond til 67 499,- pr 31.12. 2018.  
For 2019 skal det ikkje vere store endringar. Fått opplyst at dei 4 konsertane samla sett ikkje gjekk i minus. Andre utgifter skal vere dekt av kontingensten.

Samla sett eit aktivt og innhaldsrikt år for Volda kyrkjekor.

Volda, 18. mars 2020

Knut Åmås

# Volda sokneråd - Driftsrekneskap 2019 Hovudoversyn

<b>Konto Konto (T)</b>	<b>Beløp</b>	<b>Budsjett vedtatt</b>
31000 Kontormateriell	10 135,20	4 500,00
31100 Aktivitetsrelaterte varer og tenester	38 017,22	38 300,00
31200 Anna forbruksmateriell	0,00	8 000,00
31300 Post, bank, telefoni og dataliner	248,70	1 500,00
31400 Annonser, reklame, informasjon og repr.	45 431,11	34 500,00
31500 Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	1 550,00	0,00
31651 Løn frivillig arbeid (eige org.nr.)	33 291,00	133 000,00
31700 Reiseutgifter og drift eigne transportmidde	10 411,74	32 000,00
31900 Leige av lokaler og grunn	50 000,00	50 000,00
31950 Avgifter, gebyr og lisensar	13 400,00	6 500,00
32000 Inventar og utstyr	2 783,20	0,00
33400 Refusjon til fellesråd	435 887,10	472 000,00
33700 Refusjon til andre	20 000,00	0,00
33800 Interne overføringer	0,00	7 000,00
34290 Moms-utgift drift med komp.	20 480,56	0,00
34400 Tilskot og gåver til fellesråd	115 503,63	78 500,00
34650 Overføring av ofringar og innsamla midlar	205 750,22	220 000,00
34700 Tilskot og gåver til andre	0,00	3 000,00
35500 Avsetting til bundne fond	126 695,27	91 500,00
35800 Rekneskapsmessig overskot	37 013,05	0,00
36100 Betaling frå deltagarar	-26 045,86	-10 000,00
36200 Avg.fritt sal av varer og tenester	0,00	-15 000,00
36201 Billettinntekter	-74 161,99	-127 000,00
36300 Husleigeinntekt og festeavgift	-55 181,72	-30 000,00
37290 Momsinntekt drift	-20 480,56	0,00
37500 Refusjon frå sokneråd	56 494,24	0,00
37700 Refusjon frå andre	-30 000,00	0,00
37800 Interne overføringer	0,00	-7 000,00
38000 Tilskot frå staten og statleg institusjonar	-19 545,00	0,00
38300 Tilskot frå kommunale institusjonar	0,00	-66 000,00
38600 Offer/ innsamla til eiga verksemd	-191 991,69	-179 000,00
38650 Offer/ innsamla til anna verksem	-205 750,22	-220 000,00
38700 Tilskot/ gåver frå andre	-5 961,00	-18 500,00
38701 Gjevartenesta	-119 200,00	-100 000,00
39000 Renteinntekter	-35 584,66	-32 100,00
39400 Bruk av ubundne fond	0,00	-70 700,00
39500 Bruk av bundne fond	-439 189,54	-305 000,00
<b>0454 Volda sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>740 Leiar VSR</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>90 Volda sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

## Volda sokneråd - Driftsrekneskap 2019

Konto	Konto (T)	Beløp	Budsjett vedtatt
31000	Kontormateriell	3 753,20	0,00
31100	Aktivitetsrelaterte varer og tenester	11 891,23	0,00
31200	Anna forbruksmateriell	0,00	8 000,00
31300	Post, bank, telefoni og dataliner	248,70	0,00
31400	Annonser, reklame, informasjon og repr.	10 463,50	4 000,00
31900	Leige av lokaler og grunn	50 000,00	50 000,00
31950	Avgifter, gebyr og lisensar	4 935,00	5 000,00
33400	Refusjon til fellesråd	100 429,83	130 000,00
34290	Moms-utgift drift med komp.	5 177,33	0,00
34400	Tilskot og gåver til fellesråd	108 503,63	0,00
34650	Overføring av ofringar og innsamla midlar	205 750,22	220 000,00
34700	Tilskot og gåver til andre	0,00	3 000,00
35500	Avsetting til bundne fond	36,00	0,00
35800	Rekneskapsmessig overskot	37 013,05	0,00
36100	Betaling frå deltagarar	3 140,35	0,00
36300	Husleigeinntekt og festeavgift	-55 181,72	-30 000,00
37290	Momsinntekt drift	-5 177,33	0,00
37800	Interne overføringer	0,00	-7 000,00
38600	Offer/ innsamla til eiga verksemd	-106 740,99	-85 000,00
38650	Offer/ innsamla til anna verksemd	-205 750,22	-220 000,00
38700	Tilskot/ gåver frå andre	0,00	-1 500,00
38701	Gjevartenesta	-100 600,00	-100 000,00
39000	Renteinntekter	-561,66	-2 000,00
39400	Bruk av ubundne fond	0,00	-70 700,00
39500	Bruk av bundne fond	-70 700,00	0,00
<b>0454</b>	<b>Volda sokneråd</b>	<b>-3 369,88</b>	<b>-96 200,00</b>
<b>740</b>	<b>Leiar VSR</b>	<b>-3 369,88</b>	<b>-96 200,00</b>
		<b>-3 369,88</b>	<b>-96 200,00</b>
31100	Aktivitetsrelaterte varer og tenester	1 524,00	0,00
34290	Moms-utgift drift med komp.	381,00	0,00
34400	Tilskot og gåver til fellesråd	0,00	78 500,00
37290	Momsinntekt drift	-381,00	0,00
<b>0454</b>	<b>Volda sokneråd</b>	<b>1 524,00</b>	<b>78 500,00</b>
<b>740</b>	<b>Leiar VSR</b>	<b>1 524,00</b>	<b>78 500,00</b>
<b>4110</b>	<b>Dåpsopplæring</b>	<b>1 524,00</b>	<b>78 500,00</b>
31000	Kontormateriell	3 192,00	0,00
31950	Avgifter, gebyr og lisensar	2 331,00	0,00
34290	Moms-utgift drift med komp.	1 057,00	0,00
37290	Momsinntekt drift	-1 057,00	0,00
39500	Bruk av bundne fond	-5 523,00	0,00
<b>0454</b>	<b>Volda sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>740</b>	<b>Leiar VSR</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>4115</b>	<b>Søndagskule</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
31100	Aktivitetsrelaterte varer og tenester	335,35	2 000,00
31300	Post, bank, telefoni og dataliner	0,00	1 500,00
31400	Annonser, reklame, informasjon og repr.	940,80	3 000,00
34290	Moms-utgift drift med komp.	285,95	0,00
37290	Momsinntekt drift	-285,95	0,00
<b>0454</b>	<b>Volda sokneråd</b>	<b>1 276,15</b>	<b>6 500,00</b>
<b>740</b>	<b>Leiar VSR</b>	<b>1 276,15</b>	<b>6 500,00</b>
<b>4120</b>	<b>Konfirmantarbeid</b>	<b>1 276,15</b>	<b>6 500,00</b>

## Volda sokneråd - Driftsrekneskap 2019

<b>Konto Konto (T)</b>	<b>Beløp</b>	<b>Budsjett vedtatt</b>
31100 Aktivitetsrelaterte varer og tenester	170,08	3 300,00
31500 Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	1 050,00	0,00
34290 Moms-utgift drift med komp.	42,52	0,00
37290 Momsinntekt drift	-42,52	0,00
39000 Renteinntekter	0,00	-100,00
<b>0454 Volda sokneråd</b>	<b>1 220,08</b>	<b>3 200,00</b>
<b>740 Leiar VSR</b>	<b>1 220,08</b>	<b>3 200,00</b>
<b>4200 Diakoni</b>	<b>1 220,08</b>	<b>3 200,00</b>
31100 Aktivitetsrelaterte varer og tenester	10 425,67	8 000,00
34290 Moms-utgift drift med komp.	1 565,05	0,00
36100 Betaling frå deltagarar	-3,48	0,00
37290 Momsinntekt drift	-1 565,05	0,00
38700 Tilskot/ gåver frå andre	-900,00	0,00
<b>0454 Volda sokneråd</b>	<b>9 522,19</b>	<b>8 000,00</b>
<b>740 Leiar VSR</b>	<b>9 522,19</b>	<b>8 000,00</b>
<b>4240 Kyrkjekaffinemnd</b>	<b>9 522,19</b>	<b>8 000,00</b>
35500 Avsetting til bundne fond	8 603,50	8 000,00
38600 Offer/ innsamla til eiga verksemd	-8 603,05	-8 000,00
<b>0454 Volda sokneråd</b>	<b>0,45</b>	<b>0,00</b>
<b>740 Leiar VSR</b>	<b>0,45</b>	<b>0,00</b>
<b>4270 Prosjekt Ungarn</b>	<b>0,45</b>	<b>0,00</b>
35500 Avsetting til bundne fond	18 607,00	0,00
38701 Gjevartenesta	-18 600,00	0,00
39000 Renteinntekter	-7,00	0,00
<b>0454 Volda sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>740 Leiar VSR</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>4276 Drivhusprosjekt Ungarn</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
31000 Kontormateriell	3 190,00	500,00
31100 Aktivitetsrelaterte varer og tenester	744,00	4 000,00
31400 Annonser, reklame, informasjon og repr.	17 596,41	4 000,00
31651 Løn frivillig arbeid (eige org.nr.)	7 450,00	0,00
31700 Reiseutgifter og drift eigne transportmiddel	3 007,14	0,00
31950 Avgifter, gebyr og lisensar	1 814,00	1 500,00
32000 Inventar og utstyr	2 783,20	0,00
33400 Refusjon til fellesråd	29 300,00	37 000,00
33700 Refusjon til andre	20 000,00	0,00
33800 Interne overføringer	0,00	7 000,00
34290 Moms-utgift drift med komp.	5 795,65	0,00
34400 Tilskot og gåver til fellesråd	7 000,00	0,00
35500 Avsetting til bundne fond	52 706,54	38 000,00
36200 Avg.fritt sal av varer og tenester	0,00	-15 000,00
36201 Billettinntekter	-24 421,37	0,00
37290 Momsinntekt drift	-5 795,65	0,00
37700 Refusjon frå andre	-30 000,00	0,00
38000 Tilskot frå staten og statleg institusjonar	-19 545,00	0,00
38600 Offer/ innsamla til eiga verksemd	-69 563,92	-75 000,00
38700 Tilskot/ gåver frå andre	-2 061,00	-2 000,00
<b>0454 Volda sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>740 Leiar VSR</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>4300 Kyrkjemusikalsk arbeid</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
31000 Kontormateriell	0,00	4 000,00

## Volda sokneråd - Driftsrekneskap 2019

<b>Konto Konto (T)</b>	<b>Beløp</b>	<b>Budsjett vedtatt</b>
31100 Aktivitetsrelaterte varer og tenester	2 852,12	0,00
31400 Annonser, reklame, informasjon og repr.	0,00	3 500,00
31950 Avgifter, gebyr og lisensar	4 320,00	0,00
34290 Moms-utgift drift med komp.	500,62	0,00
35500 Avsetting til bundne fond	6 770,62	13 500,00
36100 Betaling frå deltakarar	-11 750,00	-10 000,00
37290 Momsinntekt drift	-500,62	0,00
38600 Offer/ innsamla til eiga verksemd	-2 192,74	-5 000,00
38700 Tilskot/ gåver frå andre	0,00	-6 000,00
<b>0454 Volda sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>740 Leiar VSR</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>4310 Kyrkjekor</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
31100 Aktivitetsrelaterte varer og tenester	0,00	1 000,00
31400 Annonser, reklame, informasjon og repr.	13 800,80	3 000,00
31651 Løn frivillig arbeid (eige org.nr.)	25 841,00	5 000,00
31700 Reiseutgifter og drift eigne transportmiddel	7 404,60	2 000,00
34290 Moms-utgift drift med komp.	3 450,20	0,00
35500 Avsetting til bundne fond	2 694,22	0,00
36201 Billettinntekter	-49 740,62	-5 000,00
37290 Momsinntekt drift	-3 450,20	0,00
38600 Offer/ innsamla til eiga verksemd	0,00	-6 000,00
<b>0454 Volda sokneråd</b>	<b>-0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>740 Leiar VSR</b>	<b>-0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>4320 Kyrkjemusikkveka</b>	<b>-0,00</b>	<b>0,00</b>
31100 Aktivitetsrelaterte varer og tenester	573,33	0,00
31500 Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	500,00	0,00
33400 Refusjon til fellesråd	306 157,27	305 000,00
34290 Moms-utgift drift med komp.	136,58	0,00
36100 Betaling frå deltakarar	-758,30	0,00
37290 Momsinntekt drift	-136,58	0,00
39500 Bruk av bundne fond	-306 472,30	-305 000,00
<b>0454 Volda sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>740 Leiar VSR</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>4400 Ungdomsarbeid</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
35500 Avsetting til bundne fond	35 016,00	30 000,00
39000 Renteinntekter	-35 016,00	-30 000,00
<b>0454 Volda sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>740 Leiar VSR</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>5006 Seljebakken 17</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
31100 Aktivitetsrelaterte varer og tenester	0,00	20 000,00
31400 Annonser, reklame, informasjon og repr.	0,00	17 000,00
31651 Løn frivillig arbeid (eige org.nr.)	0,00	128 000,00
31700 Reiseutgifter og drift eigne transportmiddel	0,00	30 000,00
35500 Avsetting til bundne fond	0,00	2 000,00
36201 Billettinntekter	0,00	-122 000,00
37500 Refusjon frå sokneråd	56 494,24	0,00
38300 Tilskot frå kommunale institusjonar	0,00	-66 000,00
38700 Tilskot/ gåver frå andre	0,00	-9 000,00
39500 Bruk av bundne fond	-56 494,24	0,00
<b>0454 Volda sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>740 Leiar VSR</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

## Volda sokneråd - Driftsrekneskap 2019

Konto	Konto (T)	Beløp	Budsjett vedtatt
<b>5007</b>	<b>Juleoratoriet</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
31400	Annonser, reklame, informasjon og repr.	2 629,60	0,00
34290	Moms-utgift drift med komp.	657,40	0,00
35500	Avsetting til bundne fond	2 261,39	0,00
37290	Momsinntekt drift	-657,40	0,00
38600	Offer/ innsamla til eiga verksemd	-4 890,99	0,00
<b>0454</b>	<b>Volda sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>740</b>	<b>Leiar VSR</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>7808</b>	<b>VKF, restaurering kyrkjeorgel</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
31100	Aktivitetsrelaterte varer og tenester	9 501,44	0,00
34290	Moms-utgift drift med komp.	1 431,26	0,00
36100	Betaling frå deltagarar	-16 674,43	0,00
37290	Momsinntekt drift	-1 431,26	0,00
38700	Tilskot/ gåver frå andre	-3 000,00	0,00
<b>0454</b>	<b>Volda sokneråd</b>	<b>-10 172,99</b>	<b>0,00</b>
<b>740</b>	<b>Leiar VSR</b>	<b>-10 172,99</b>	<b>0,00</b>
<b>7815</b>	<b>Middag på Uppheim</b>	<b>-10 172,99</b>	<b>0,00</b>
<b>90</b>	<b>Volda sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
		<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

## Volda sokneråd - balanse pr. 31.12.2019

dim3 Konto	Konto (T)	Beløp
51098010	VSR 3991.35.43266 - Bundne driftsfond	1 197 676,88
51098014	VSR 3991.05.64645 - diakoni (legatpengar)	17 826,00
51098016	VSR 3991.08.30981 Bunde fond Seljebakken 17	2 267 972,74
51098022	VSR 39910819767 - Drivhusprosjekt	24 452,00
51314800	Oppgjerskonto momskomp	20 480,58
51675300	Periodisering krav	49 385,50
51675610	Krav mot Volda kyrkjelege fellesråd	131 131,25
51699000	Øredifferansar	1,00
53770610	Gjeld til Volda kyrkjelege fellesråd	-707 465,73
55199600	VSR-Fond kyrkjemusikk Volda	-450 988,85
55199620	VSR-Fond Volda kyrkjekor	-74 269,89
55199631	VSR-Fond prosj Ungarn	-16 477,09
55199632	VSR-Fond diakoni (Svendsens legat)	-36,00
55199633	VSR-Fond drivshusprosjekt Ungarn	-20 652,00
55199635	VSR-Fond søndagsskulen i Kyrkja	-5 591,65
55199640	VSR- Bunde fond Seljebakken 17	-2 195 800,44
55199680	VSR-Fond Lysbom kyrkja	-4 810,82
55199681	VSR-Fond Tårnur	-100 000,00
55199690	VSR-Fond Restaurering kyrkjeorgel	-66 306,02
55900000	Underskot kyrkjeleg verksemd	258 579,43
55950000	Overskot kyrkjeleg verksemd	-37 014,05
55990000	Kapitalkonto	-288 091,84
		1,00
		1,00
90	<b>Volda sokneråd</b>	<b>1,00</b>
		1,00